



## Møteprotokoll

---

<b>Utval:</b>	Fellesnemnd Nye Øygarden kommune
<b>Stad:</b>	Fjell rådhus, kultursalen
<b>Dato:</b>	16.09.2019
<b>Tid:</b>	09:00 - 12:50

---

### Medlemer som møtte:

Marianne Sandahl Bjørøy	Leiar	AP
Børge Haugetun	Nestleiar	TVØ
Kari-Anne Landro	Nestleiar	H
Egil Haaland	Medlem	AP
Tom Georg Indrevik	Medlem	H
Ernst Morten Einarsen	Medlem	H
Odd Bjarne Skogestad	Medlem	KRF
Svein Petter Bergh	Medlem	SL
Anita Garlid Johannessen	Medlem	FRP
Olav Kobbeltveit	Medlem	V
Nils Kåre Skoge	Medlem	H
May Elin Limevåg	Medlem	FRP
Kjell Arve Vorland	Medlem	SP
Ingrid Marie Toft	Medlem	H

---

### Forfall:

Espen Harkestad	MEDL	AP
Jogeir Sognnæs	MEDL	AP
Silvia Haugland	MEDL	Uavhengig

---

### Varamedlemer som møtte:

Ørjan Telle	for Jogeir Sognnæs	AP
Andreas Kallekleiv	for Espen Harkestad	H
Ingen vara	for Silvia Haugland	Uavhengig

---

### Andre:

Prosjektrådmann Rune Lid, leiar i styringsgruppa Gründerparken Vest - Rikard Toft Ledang, daglege leiarar The Dale Oen Experience - Robin Dale Oen og Vibeke Dale Oen, leiar av skuleprosjekt v/ The Dale Oen Experience - Kjetil Nordås, kommunalsjef for oppvekst Anne-Merete Vabø Haugane, kommuneadvokat Dag-Heine Bjørndal, økonomirådgjevar Øyvind Aasen, kommunalsjef for økonomi Anne Erdal, fagsjef i pensjon hos AON AS - Vidar Pedersen, informasjonsleiar Vigelek Brekke, møtesekretær Unni Rygg.

---

Kari-Anne Landro

Marianne Sandahl Bjørøy  
underskrifter

Børge Haugetun

# SAKSLISTE

Saksnr	Innhald
PS 42/19	Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok
PS 43/19	Referatsaker og orienteringar
RS 5/19	Referatsak - brev og svarbrev om val av renovasjonsløyising
RS 6/19	Overleveringsbrev frå Regionrådet Vest til fellesnemnda - oppfølging Nye Øygarden kommune
RS 7/19	Orientering om status planarbeidet Sund kommune
PS 44/19	Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda
PS 45/19	Gründerparken Vest - framtidig driftsmodell
PS 46/19	Krav frå Rettferdig Offentlig Saksbehandling (ROS) om innsyn i fellesnemnda si leiargruppe
PS 47/19	Revidert anbudsprosess for forsikra pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune
PS 48/19	Økonomisk status prosjektrekneskap pr. 03.09.19 og status forskotering reformstøtte
PS 49/19	Økonomisk status pr. 7 månader 2019 for Nye Øygarden kommune
PS 50/19	Budsjettprosess 2020
PS 51/19	Opningsarrangement for Nye Øygarden kommune 01.01. - 05.01.2020
PS 52/19	Val av tilbydar for sekretariatstenester til kontrollutvalet i Nye Øygarden kommune

## PS 42/19 Godkjenning av innkalling, saksliste og møtebok

### Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:

Det var seksten medlemmer til stades i fellesnemnda.

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte, 17.06.2019, vart godkjente utan kommentarar.

### Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:

Innkalling, saksliste og protokoll frå førre møte vert godkjente.

## PS 43/19 Referatsaker og orienteringar

### Referatsaker

- 5/19 Referatsak - brev og svarbrev om val av renovasjonsløyising
- 6/19 Overleveringsbrev frå Regionrådet Vest til fellesnemnda - oppfølging Nye Øygarden kommune

- 7/19 Orientering om status planarbeidet Sund kommune

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

#### Statusmelding om Gründerparken Vest v/ leiar i styringsgruppa Rikard Toft Ledang:

Ledang skisserte drifta frå oppstarten av Gründerparken Vest i 2017 og fram til i dag. Gründerparken skal fungere som miljø og fellesskap for etablerarar av verksemder, og vere til støtte i dei ulike driftsfasane. Ledang viste til behovet for ytterlegare finansiell støtte frå kommunen, og vil i tillegg søkje støtte frå fylkeskommunen.

#### Orientering om The Dale Oen Experience v/ leiar av skuleprosjekt Kjetil Nordås, dagleg leiar Robin Dale Oen og dagleg leiar Vibeke Dale Oen:

Nordås viste til at overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande skule kan vere krevjande, og at The Dale Oen vil tilby eit vekst-år for alle etter ungdomsskulen der ungdom kan bli «livsmeistringsvinnarar». Ved å vere med og «løfte ungdomane», og la dei finne talenta sine og prøve dei ut i praksis, vil eit slikt utforskande skuleår kunne skape meir bevisste samfunnsborgarar og gje dei eit etterlengta pusterom. Nordås var samstundes klar på at ei slik satsing krev politisk vilje og økonomiske midlar – men at det vil gje verdiar tilbake til samfunnet. The Dale Oen vil starte opp eit slikt skuleår i veke 42, etter haustferien.

*Medlemmer av fellesnemnda stilte spørsmål ved ev. inntak av elevar gjennom skuleåret, noko Nordås stadfesta at vil vere mogleg.*

#### Orientering om organisering av oppvekst v/ kommunalsjef Anne-Merete Vabø Haugane:

Haugane viste til at det meste av «god oppvekst» framleis kjem frå heimane, frå den som er der med barna. Kommunen si utfordring er å ha kvalitet på løysingar på problema som oppstår i oppveksten for å tilby god oppvekst, som eit sikkerheitsnett, og evne å sjå innbyggjarane som ein ressurs framfor ein brukar. Det krev tverrfagleg kompetanse og samhandling, også utover organisasjonen, for å kunne tilby «ei dør inn – døgnnet rundt». Haugane gjekk deretter inn på sjølve organiseringa av området oppvekst og gav ei kort statusmelding om handteringa av berørte einingar i omstillingsprosessen.

#### Orientering om prosjektstatus v/ prosjektrådmann Rune Lid:

Lid skisserte kort prosessen med omorganisering, sett i lys av omstillingsavtala. Lid viste til drøfting i overordna styringsgruppe med påfølgande semje om rekruttering til leiarstillingar og direkte innplassering for andre faste tilsette inkludert ressursgruppa. Dei 35 tilsette i ressursgruppa vert følgt opp vidare av assisterande rådmann Åse Vik, og dei vil få fortrinnsrett til ledige stillingar i kommunen dersom dei er kvalifisert. Arbeidet med prosjektorganiseringa held fram med mellom anna val av lokalisering innan 30.oktober. *Etter presentasjonen kom det spørsmål frå medlemene av fellesnemnda. Ernst M. Einarsen etterspurte status for t.d. rettleiarteamet, om slike einingar forsvinn heilt når tilsette er plassert i ressursgruppa, noko prosjektrådmannen kunne forsikre at ikkje vil skje då tenestene blir ivaretekne. Egil Haaland stilte spørsmål ved om prosjektrådmannen har fått oversikt over alle deltidstilsette i dei ulike tenestene i kartlegginga, og om kven som skal vurdere om tilsette som er plassert i ressursgruppa vil vere kvalifiserte til nye stillingar. Prosjektrådmannen viste til at dei no har kontroll på talet tilsette, også deltidstilsette, og at ev. vurderingar om kvalifikasjonar for ressursgruppa vil gjerast i tett samarbeid med dei tillitsvalde. Tom Georg Indrevik viste til at «støy» frå tilsette ved innplassering er naturleg om mottakar forventar eit anna tilbod, og at det også vil kome ved lokaliseringa av tenestene. Prosjektrådmann viste til at enno betre informasjon til dei tilsette vil kunne dempe støy etter avgjersler. Andreas Kallekleiv stilte spørsmål ved om tenestenivået blir ivareteke med ny organisering, og prosjektrådmann Rune*

*Lid kunne stadfeste at arbeidet vil verte meir effektivt og frigjere ressursar til gode for innbyggjarane.*

Referatsaker og orienteringar vart deretter tekne til orientering.

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering.

## **RS 5/19 Referatsak - brev og svarbrev om val av renovasjonsløsning**

**Innstilling:**

Referatsaka vert teken til orientering.

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Referatsaka vert teken til orientering.

## **RS 6/19 Overleveringsbrev frå Regionrådet Vest til fellesnemnda - oppfølging Nye Øygarden kommune**

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Leiar av Regionrådet Vest, Kari-Anne Landro, viste til at statusmelding om prosjekt initiert av regionrådet vert sendt vidare til fellesnemnda for oppfølging i den nye kommunen. Éit spørsmål er sendt vidare til fylkesmannen, om samanslåinga til ein felles kommune gjev endringar i kriterier for skjønnsmidlar, og fylkesmannen vil kome tilbake med svar på årleg samling.

Fellesnemnda ved leiar Marianne Sandahl Bjørøy stadfesta at det nye kommunestyret i Øygarden kommune vil få statusmeldinga for oppfølging. Referatsaka vart deretter teken til orientering.

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Referatsaka vert teken til orientering.

## **RS 7/19 Orientering om status planarbeidet Sund kommune**

**Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Ordførar i Sund kommune, Kari-Anne Landro, informerte kort om arbeidet med planoppgåver i Sund kommune. Referatsaka vart deretter teken til orientering.

**Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Referatsaka vert teken til orientering.

## **PS 44/19 Spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda**

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Det var ikkje sendt inn spørsmål frå medlemmer av fellesnemnda i forkant av møtet. På møtet vart det fremja følgjande spørsmål:

#### **Kari-Anne Landro;**

Landro viste til arbeidet med interimstyre for Øygarden bustadutvikling KF, der Landro er leiar. I arbeidet har dei blitt bevisst behovet for ei endring av vedtektene § 3 Føremål – fyrste avsnitt, andre setning:

*Føretaket står også for formidling og drift av utleigebustader som er i Øygarden kommune si eige.*

I tillegg til bustader som kommunen eig, så leiger kommunen bustader for vidare utleige. Det er såleis behov for å justere vedtektene tilsvarende praksis. Landro ynskjer ei formell avklaring og ber fellesnemnda om ei sak om endring av Øygarden bustadutvikling KF sine vedtekter § 3. Leiar av fellesnemnda, Marianne Sandahl Bjørøy, stadfesta at fellesnemnda vil sette saka på sakslista så fort som mogleg.

#### **Leiar Marianne Sandahl Bjørøy;**

Bjørøy viste til ekstramøte i partssamansett utval mandag 7.oktober og ekstramøte i fellesnemnda onsdag 9.oktober, for å sikre framdrift mellom anna i sak 47/19 Revidert anbudsprosess for forsikra pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune.

Børge Haugetun kom med spørsmål om det er mogleg å ha begge møta på same dag, med tanke på at fleire er på reise i haustferien, noko Bjørøy vil sjekke opp og kome tilbake til.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Det skal leggjast fram ei sak til fellesnemnda om endring av Øygarden bustadutvikling KF sine vedtekter § 3.

## **PS 45/19 Gründerparken Vest - framtidig driftsmodell**

### **Innstilling:**

1. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen å innarbeida fast årleg tilskot til Gründerparken Vest med kr. 500.000 i dei årlege budsjetta frå og med budsjettåret 2020.
2. Fellesnemnda ber om at framtidig driftsmodell for Gründerparken Vest vert justert i høve storleiken på det kommunale tilskotet og at kostnadene vert balansert i samsvar med forventa inntekter
3. Fellesnemnda ber om at budsjett, rekneskap og årsmeldingar for Gründerparken Vest vert lagt fram for kommunestyret i nye Øygarden kommune kvart år.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Leiar i styringsgruppa for Gründerparken Vest, Rikard Toft Ledang, gav ei statusmelding til fellesnemnda før saka vart behandla.

Nils Kåre Skoge og leiar Marianne Sandahl Bjørøy, som begge er med i styringsgruppa for Gründerparken Vest, bad fellesnemnda vurdere om dei er ugilde i saka. Børge Haugetun vart

valt som setteleiar under vurderinga av gildskapen. Fellesnemnda kom fram til at verv i styringsgruppa ikkje medførte ugildskap og både Skoge og Bjorøy vart samrøystes vurdert som gilde til å behandle saka.

Fellesnemnda drøfta saka. Etter like innspel om tilskotssum, frå Andreas Kallekleiv og Marianne Sandahl Bjorøy, vart fellesnemnda samde om nytt punkt 1:

1. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å innarbeide kr 1 500 000 i tilskot til Gründerparken Vest for budsjettåret 2020.

Etter innspel frå Børge Haugetun vart fellesnemnda samde om å endre ordlyd i punkt 2, og erstatte «justert» med «arbeidd med»:

2. Fellesnemnda ber om at framtidig driftsmodell for Gründerparken Vest vert arbeidd med i høve storleiken på det kommunale tilskotet og at kostnadene vert balansert i samsvar med forventa inntekter.

Det kom forslag frå Tom Georg Indrevik om nytt punkt 4:

4. Fellesnemnda vil peike på behovet for årlege bidrag frå Vestland fylkeskommune. Fjell, Sund og Øygarden vart hardt ramma av «oljenedturen» og det er difor viktig å satse på utvikling av nye bedrifter for å motverke dei negative effektane av konjunktursvingingar. Fellesnemnda ber difor Vestland fylkeskommune om å prioritere å bidra til denne utviklinga gjennom faste årlege løyvingar.

Innstillinga punkt 3, og nytt punkt 1, 2 og 4, vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

1. Fellesnemnda ber prosjektrådmannen om å innarbeide kr 1 500 000 i tilskot til Gründerparken Vest for budsjettåret 2020.
2. Fellesnemnda ber om at framtidig driftsmodell for Gründerparken Vest vert arbeidd med i høve storleiken på det kommunale tilskotet og at kostnadene vert balansert i samsvar med forventa inntekter.
3. Fellesnemnda ber om at budsjett, rekneskap og årsmeldingar for Gründerparken Vest vert lagt fram for kommunestyret i nye Øygarden kommune kvart år.
4. Fellesnemnda vil peike på behovet for årlege bidrag frå Vestland fylkeskommune. Fjell, Sund og Øygarden vart hardt ramma av «oljenedturen» og det er difor viktig å satse på utvikling av nye bedrifter for å motverke dei negative effektane av konjunktursvingingar. Fellesnemnda ber difor Vestland fylkeskommune om å prioritere å bidra til denne utviklinga gjennom faste årlege løyvingar til Gründerparken Vest.

## **PS 46/19 Krav frå Rettferdig Offentlig Saksbehandling (ROS) om innsyn i fellesnemnda si leiargruppe**

### **Innstilling:**

Fellesnemnda opprettheldt vedtak treft av kommuneadvokaten i Fjell kommune dagsett 17.07.19.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Tom Georg Indrevik informerte fellesnemnda om at han er ugild i saka grunna slektskap til part jf. forvaltningslova § 6 b), noko fellesnemnda var samde i. Det var såleis femten medlemmer som behandla saka.

Kommuneadvokat Dag-Heine Bjørndal var til stades under behandlinga av saka.

Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til behov for tilleggspunkt til innstillinga jf. saksopplysningar under samandraget siste setning:

2. Saka vert sendt vidare til fylkesmannen for endeleg avgjersle.

Innstillinga punkt 1 og nytt tilleggspunkt 2 vart deretter samrøystes vedtekne.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

1. Fellesnemnda opprettheld vedtak treft av kommuneadvokaten i Fjell kommune dagsett 17.07.19.
2. Saka vert sendt vidare til fylkesmannen for endeleg avgjersle.

## **PS 47/19 Revidert anbudsprosess for forsikra pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune**

### **Innstilling:**

1. Fellesnemnda sluttar seg til revidert tidsplan for anbudsprosess på forsikra pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Fellesnemnda vil i ekstra møte 9. oktober 2019 gjere val om leverandør for forsikra pensjonsløyising.
3. Fellesnemnda legg vidare til grunn at dagens avtaler om leverandørar av pensjonstenester som er omfatta av nytt anbod vert sagt opp innan 30. september 2019 i tråd med avtaleverket, av rådmennene i Fjell, Sund og Øygarden kommune og prosjektrådmannen i Nye Øygarden kommune. Tilsvarande vil gjelda for Øygarden brann og redning IKS.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Svein Bergh etterlyste brev sendt til leiar av fellesnemnda men som ikkje er sendt vidare til fellesnemnda. Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy viste til e-post frå styreleiar i Fjell kommunale pensjonskasse, i helga, men grunna ingen nye opplysningar kan saka behandlast slik som den ligg i innkallinga.

Fagsjef i pensjon hos leverandør AON AS, Vidar Pedersen, var til stades under behandlinga av saka. Grunna spørsmål frå medlemmer i fellesnemnda om endra reglar ved flytting av kollektive pensjonsordningar, med relevans til anbudsentreprisen, vart møtet lukka under Pedersen si forklaring.

Innstillinga vart deretter stemt over, og vart vedteke med 15 røyster mot éi røyst (SL).

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

1. Fellesnemnda sluttar seg til revidert tidsplan for anbodsprosess på forsikra pensjonsløyising for Nye Øygarden kommune slik det går fram av saksutgreiinga.
2. Fellesnemnda vil i ekstra møte 9. oktober 2019 gjere val om leverandør for forsikra pensjonsløyising.
3. Fellesnemnda legg vidare til grunn at dagens avtaler om leverandørar av pensjonstenester som er omfatta av nytt tilbud vert sagt opp innan 30. september 2019 i tråd med avtaleverket, av rådmennene i Fjell, Sund og Øygarden kommune og prosjektrådmannen i Nye Øygarden kommune. Tilsvarande vil gjelda for Øygarden brann og redning IKS.

### **PS 48/19 Økonomisk status prosjektrekneskap pr. 03.09.19 og status forskotering reformstøtte**

#### **Innstilling:**

Fellesnemnda tek saka til orientering og ber prosjektrådmannen følgja opp med ny statusrapportering om prosjektrekneskapen og eventuell forskotering av reformstøtta i seinare møte.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Fellesnemnda tek saka til orientering og ber prosjektrådmannen følgja opp med ny statusrapportering om prosjektrekneskapen og eventuell forskotering av reformstøtta i seinare møte.

### **PS 49/19 Økonomisk status pr. 7 månader 2019 for Nye Øygarden kommune**

#### **Innstilling:**

1. Fellesnemnda tar saka om økonomisk status pr. 7 månader 2019 for Nye Øygarden kommune til orientering.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Fellesnemnda tar saka om økonomisk status pr. 7 månader 2019 for Nye Øygarden kommune til orientering.



## **PS 50/19 Budsjettprosess 2020**

### **Innstilling:**

1. Fellesnemnda vedtek budsjettprosessen for økonomiplan 2020-2023/ budsjett 2020 slik det går fram av saka.
2. Prosjektrådmannen legg fram sak om økonomireglement innan 31.03.2020.
3. Prosjektrådmannen legg fram sak om finansreglement innan 31.03.2020.
4. Prosjektrådmannen legg fram sak om harmonisering av tenestene innan 30.06.2020.
5. Avdrag skal budsjetterast etter minimumskravet i kommunelova i 2020.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Kommunalsjef for økonomi Anne Erdal var til stades under behandlinga av saka.

Egil Haaland stilte spørsmål ved budsjettprosessen skissert i saka, om ikkje formannskapet burde få framlegg til økonomiplan / budsjett til ny behandling, etter høyringsrunda, og før kommunestyret si endelege behandling. Prosjektrådmann Rune Lid tok med seg oppmodinga vidare.

Innstillinga vart deretter samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

1. Fellesnemnda vedtek budsjettprosessen for økonomiplan 2020-2023/ budsjett 2020 slik det går fram av saka.
2. Prosjektrådmannen legg fram sak om økonomireglement innan 31.03.2020.
3. Prosjektrådmannen legg fram sak om finansreglement innan 31.03.2020.
4. Prosjektrådmannen legg fram sak om harmonisering av tenestene innan 30.06.2020.
5. Avdrag skal budsjetterast etter minimumskravet i kommunelova i 2020.

## **PS 51/19 Opningsarrangement for Nye Øygarden kommune 01.01. - 05.01.2020**

### **Innstilling:**

Fellesnemnda vedtek å løyve kr 1 500 000 til opningsarrangement for innbyggjarane i Nye Øygarden kommune.

### **Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:**

Fellesnemnda vedtek å løyve kr 1 500 000 til opningsarrangement for innbyggjarane i Nye Øygarden kommune.

# PS 52/19 Val av tilbydar for sekretariatsstenester til kontrollutvalet i Nye Øygarden kommune

## Innstilling:

1. Fellesnemnda vedtek å tildela ..... oppdraget med sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune.

## Handsama i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:

Møteleiar Marianne Sandahl Bjørøy informerte om at saka er offentleg, men at to vedlegg, evaluering av tilboda, er unnatekne offentlegheita. Vedlegga vart sendt til medlemene gjennom SvarUT, merka unnatekne offentlegheita, ved utsending av innkallinga. Dersom nokon av medlemene vil kommentere innhaldet i vedlegga så vil møtet lukkast.

Det har kome inn to tilbod innan fristen, frå Hordland fylkeskommune og Nordhordland utviklingsselskap IKS. Kontrollutvala i Øygarden og Sund tilrår Hordland fylkeskommune medan kontrollutvalet i Fjell tilrår Nordhordland utviklingsselskap IKS som leverandør.

Økonomirådgevar Øyvind Aasen var til stades under behandlinga av saka og svarte på spørsmål frå fellesnemnda. Aasen kunne opplyse om at innkjøpsgruppa tilrår same leverandør som kontrollutvala i Øygarden og Sund.

Saka vart grundig diskutert i fellesnemnda, med mellom anna spørsmål om eventuelle private tilbydarar, utsetjing av saka og om det er mogleg med intern tenesteutvikling som eit alternativ til leverandør. Møtet vart deretter heva for pause.

Etter pausen kom det framlegg frå Børge Haugetun om å tildele oppdraget med sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune til Hordaland fylkeskommune.

Anita Garlid Johannesen kom deretter med forslag om å tildele oppdraget med sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune til Nordhordland utviklingsselskap IKS.

Forslaga vart sett opp mot kvarandre, og Hordaland fylkeskommune vart vedteke som leverandør med 14 røyster mot 2 røyster (mindretalet: FrP, SL) i punkt 1.

Tom Georg Indrevik kom med forslag om følgjande tilleggspunkt, nytt punkt 2:

2. Fellesnemnda ber om at det blir utarbeidd ei eiga sak om framtidig løysing for sekretariat for kontrollutvalet, som seinast vert lagt fram hausten 2020.

Nytt punkt 2 vart samrøystes vedteke.

## Vedtak i Fellesnemnd Nye Øygarden kommune - 16.09.2019:

1. Fellesnemnda vedtek å tildela Hordaland fylkeskommune oppdraget med sekretariatsfunksjon for kontrollutvalet i nye Øygarden kommune.
2. Fellesnemnda ber om at det blir utarbeidd ei eiga sak om framtidig løysing for sekretariat for kontrollutvalet, som seinast vert lagt fram hausten 2020.

